



TILLEGGSINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtedato 15.06.2023
Møtetid: Kl. 08:30
Møtestad: Kommunehuset

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til servicesenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til servicesenteret.

Knut Harald Frøland
ordfører

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
065/2023	19/455	Kommunale bygg – Egedomsforvaltning og vedlikehaldsplan 2024–2027	



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-614
Arkivsaksnr: 19/455	Løpenr: 23/5993
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	15.06.2023	065/2023

Kommunale bygg – Egedomsforvaltning og vedlikehaldsplan 2024–2027

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek rapport datert 13.06.2023 om egedomsforvaltning bygningsmasse og vedlikehald av kommunale bygg til orientering.

Rådmannen vil ved framlegging av budsjett 2024 og økonomiplan 2024–2027 koma attende med eit framlegg til kva tiltak som vert prioritert i komande økonomiplanperiode 2024–2027. Her vil det og framkoma korleis tiltaka er finansiert.

Dokument som er vedlagt:

Egedomsforvaltning bygningsmasse og oversikt vedlikehald av kommunale bygg 2024–2027

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret skal prioritera vedlikehaldstiltak for økonomiplanperioden 2024–2027. Denne saka gjeld egedomsforvaltning og vedlikehald av kommunale bygg.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret gjorde 16.06.2022 følgjande vedtak i sak 038/2022 om forvaltningsrevisjon – vedlikehald av kommunale bygg og vegar – rapport:

« 1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan vedlikehald av kommunale bygg og vegar til etterretning.

2. Kommunestyret ber rådmannen setta i gang prosessar for å få: · Forankra prinsippa for kommunen si egedomsforvaltning og prioritering av vedlikehald av kommunale bygg i kommunestyret. · Forankra plan for vegvedlikehald i kommunestyret.

3. Kommunestyret ber rådmannen rapportera status og eventuell plan for vidare arbeid med oppfølging av pkt. 2 i vedtaket til kontrollutvalet innan 12.09.2022.»

Kommunestyret skal kvart år i samband med handsaming av premissdokumentet for økonomiplanarbeidet få gjenomgang av vedlikehaldsbehovet for bygg. Dette skjer normalt i kommunestyret sitt juni-møte, der kommunestyret kan seia noko om premissar og prioriteringar for eigedomsforvaltninga for neste årsbudsjettet og resten av økonomiplanperioden.

Som vedlegg til dette saksframlegget følgjer rapport om eigedomsforvaltning og vedlikehald av kommunale bygg 2024–2027. Rapporten byggjer på vurderingar frå teknisk drift, tilstandsrapportar, innspel frå brukarar av kommunale bygg m.m, og kan danne grunnlag og føringar for prioritering av tiltak. Rapporten er inndelt som følgjer:

1. Innleiing og samandrag
2. Kommunal bygningsmasse
3. Langsiktigheit og utvikling i forvaltninga
4. Organisering av byggforvaltning
5. Miljø- og klimavennlege bygg
6. Oversikt vedlikehaldsbehov ulike bygg

Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

Den vedlagte rapporten inneheld mellom anna tilrådingar om prioriteringar av tiltak (sjå kapitlet med oversikt over vedlikehaldsbehov ulike bygg). Det er også kalkulert (stipulert) kostnader for tiltaka.

Rapporten inneheld også forslag til strategiar for kommunen si eigedomsforvaltning.

Rapporten peikar på at det er viktig at kommunen har ein eigedomsstrategi og effektiv arealbruk, at det er viktig å tilpassa bygningsmassen i forhold til kva som til ei kvar tid er behovet, og at det er behov for å tenka langsiktig. Det er i samband med dette vist til at ein strukturplan for skule og barnehage vil kunne gje føringar for prioritering av skule- og barnehagebygga. Det er også vist til at helse- og omsorgsplanen bør kunne avklara behovet for sjukeheimplassar, samt framtidig bruk av 1995-bygget på Samnangerheimen.

Det går fram av den vedlagte rapporten at kommunen har eit etterslep på vedlikehald av kommunale bygg, spesielt når det gjeld energiøkonomiserande tiltak og vedlikehald av utleigebustader og helsetunet.

Det vert vist til den vedlagte rapporten for meir detaljert informasjon om saka.